

Referat frå årsmøtet i FIL-Handball 06.02.2009.

Sak 1 Innkalling og sakliste
Godkjent utan merknader

Sak 2 Konstituering
Ordstyrar: Tor Opseth
Referent: Eva Moberg
Til å underskrive protokollen: Bente Kjørstad Walaker og Arvid Solheim

Sak 3 Årsmelding
Godkjent utan merknader

Sak 4 Revisjon klubbhandbok
Foreslåtte endringar i klubbhandboka vart vedteke med følgjande tilleggspunkt:

under Dugnad:

”Styret kan på vegne av FIL-handball ta på seg dugnadsarbeid. Inntektene går då til fellesskapet i handballgruppa”.

under Sportsleg utval:

” Sportsleg utval bør bestå av trenarar i handballgruppa, eventuelt også eksterne ressurspersonar. Leiar av sportsleg utval har møte- og stemmerett i styret”.

Sak 5 Innkomne saker

5.1 Notat frå Gunnar Englund :

Notatet vart teke til etterretning. Forslag til vedtak vart trekt. Det vart vedteke følgjande presisering til klubbhandboka:

Under arbeidsoppgåver for styret - styremedlem 3, tilleggspunkt:

”Oppfølging av arbeidet med innhenting av registreringsskjema frå oppmannsapparatet.”

5.2. Notat frå styret om tilsetjing av dagleg leiar.

Årsmøtet tok utfordingsdokumentet til følgje og kom med følgjande einstemmige vedtak:

” Dersom Førde IL v/hovudstyret tillet handballgruppa å tilsetje ein person i ei stilling som dagleg leiar, blir det sett krav om at det skal leggjast til grunn ei dokumentert finansiering til ei ...% stilling. Årsmøtet gjev med dette styret

mandat til å arbeide vidare med saka, og evt. tilsett ein person når omtalte forhold gjer dette mogeleg”.

Sak 6 Rekneskap 2008

Godkjent av årsmøtet under føresetnad av godkjenning frå revisor.

Sak 7 Budsjett 2009

Einstemming godkjent av årsmøtet

Sak 8 Val

Valnemnde hadde 4 nye kandidatar til styret:

Bente Kjørstad Walaker (2 år)
Randi Osmundnes Maheswaran (2 år)
Nandor Helgheim (1 år)
Dagrun Kyrkjebø (vara)

Alle valgt ved akklamasjon.

Ny valnemnd er etter vedtektene avtroppande styremedlemmer:

Runa Berget
Bente Marie Flølo
Tor Opseth

Konstituering

Etter vedtektene skal leiar og kasserar velgast av årsmøtet. Då valnemnda ikkje hadde kandidat til leiarvervet og det ikkje lukkast årsmøtet å få på plass ein leiar i styret, gav årsmøtet styret og valnemnda mandat til å finne leiarkandidat. Styremedlem Eva Moberg får ansvar for innkalling til styremøter inntil ny styreleiar er på plass.

Dagfinn Vik- kasserer
Jan Erik Odden - styremedlem
Eva Moberg – styremedlem
Bente Kjørstad Walaker - styremedlem
Randi Osmundnes Maheswaran - styremedlem
Nandor Helgheim - styremedlem
Dagrun Kyrkjebø - vara



Arvid Solheim



Bente Kjørstad Walaker